

Utval: Kontrollutvalet
Møtestad: Møterom 425 Sunnhordland, Fylkeshuset
Dato: 29.11.2017
Tidspunkt: 10:00 – 14.20

Følgjande faste medlemmer møtte:

Navn	Funksjon	Representerer
Inge Reidar Kallevåg	Leiar	H
Kristian Helland	Nestleiar	FL KRF/SP
Terje Kollbotn	Medlem	R
Åse Gunn Husebø	Medlem	A
Ruth Grethe Ø. Eriksen	Medlem	FRP

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Representerer

Følgjande varamedlemmer møtte:

Navn	Møtte for	Representerer

Merknader**Frå administrasjonen møtte:**

Navn	Stilling
Line Johansen	Forvaltningsrevisor i Deloitte
Stein Ove Songstad	Partner i Deloitte, RS 67/17 – 70/17
Hogne Haktorson	Kontrollsjef, Hordaland fylkeskommune
Roald Breistein	Seniorrådgjevar, Hordaland fylkeskommune

Inge Reidar Kallevåg
utvalsleiar

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Sakliste

Utvals-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off.
PS 121/17	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 122/17	Godkjenning av møtebok frå forrige møte		
PS 123/17	Handlingsplan - Forvaltningsrevisjon innan oppfølging av minoritetsspråklege elevar	2016/9440	
PS 124/17	Selskapskontroll av Grieghallen IKS - Forslag til prosjektplan	2017/15170	
PS 125/17	Forvaltningsrevisjon innan planlegging av investeringsprosjekt - Status i arbeidet ved Deloitte	2016/11221	
PS 126/17	Oppfølging - Forvaltningsrevisjon innan innkjøp i vidaregåande skular i Hordaland - Del 1	2016/1940	
PS 127/17	Forvaltningsrevisjon innan "Innkjøp og forretningsdrift i vidaregåande skular - Del 2" - Status i arbeidet ved Deloitte	2016/1940	
PS 128/17	Forvaltningsrevisjon innan "Arkivering og journalføring" - Status i arbeidet ved Deloitte	2017/13386	
PS 129/17	Forvaltningsrevisjon av fråfall i vidaregåande opplæring - Status i arbeid ved Deloitte	2017/13387	
PS 130/17	Oppfølging - Forvaltningsrevisjon regionale utviklingsmidlar	2015/8847	
PS 131/17	Oppfølging - Forvaltningsrevisjon HMT og internkontroll	2014/10535	
PS 132/17	Oppfølging - Forvaltningsrevisjon av rusførebyggande arbeid	2014/24576	
PS 133/17	Rekneskapsresultat hittil i 2017 for kontrollutvalet	2016/4239	
PS 134/17	Gjennomgang av møteprotokoller	2015/11023	
PS 135/17	Referatsaker		
RS 62/17	Status for spørsmål og oversendingsforslag i fylkesutvalet pr. oktober 2017	2015/10348	
RS 63/17	Vedtak TING - Oppfølging av Stortinget sitt vedtak om samanslåing av Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar	2016/3311	
RS 64/17	Vedtak TING 27.10.17 - Val av revisor for fellesnemnd	2016/3311	
RS 65/17	FUV 26.10.17 - Godkjenning av fire prosjektrekneskap	2016/2768	
RS 66/17	Plan for selskapskontroll av Vigo IKS	2017/4190	
RS 67/17	Notat om forvaltningsrevisjoner i NDLA	2015/2073	
RS 68/17	Sak om NDLA 2 i kontrollutvalet i Telemark 13.11.17	2015/2073	
RS 69/17	Sak om NDLA 2 i kontrollutvalet i Aust-Agder 15.11.17	2015/2073	
RS 70/17	Kopi: KU Telemarks bekymringsmelding vedr NDLA	2015/2073	
PS 136/17	Eventuelt		

PS 121/17 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 29.11.2017

Vedtak

Innkalling og sakliste vart samrøystes vedteke.

PS 122/17 Godkjenning av møtebok frå forrige møte

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 29.11.2017

Vedtak

Møtebok frå møte i kontrollutvalet 30.10.2017 vart samrøystes vedteke.

PS 123/17 Handlingsplan - Forvaltningsrevisjon innan oppfølging av minoritetsspråklege elevar

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som er starta opp i samband med forvaltningsrevisjon innan oppfølging av minoritetsspråklege elevar .
2. På bakgrunn av handlingsplanen ber kontrollutvalet om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 01.08.2018. Tilbakemeldinga må også innehalde når tiltaka er/skal verta iversett.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 29.11.2017

Handsaming i møte

Det kom fram at sak om oppfølging av forvaltningsrevisjon innan oppfølging av minoritetsspråklege elevar skal handsamast i møte i fylkesutvalet 07.12.2017. Kontrollutvalet ber om å få som referatsak resultatet av handsaminga til neste møte i utvalet.

Med nytt punkt 3 vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som er starta opp i samband med forvaltningsrevisjon innan oppfølging av minoritetsspråklege elevar .
2. På bakgrunn av handlingsplanen ber kontrollutvalet om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 01.08.2018. Tilbakemeldinga må også innehalde når tiltaka er/skal verta iversett.
3. Kontrollutvalet ber om å få som referatsak i møte 18.12.2017 resultatet av handsaminga av sak om oppfølging av forvaltningsrevisjon innan oppfølging av minoritetsspråklege elevar i fylkesutvalet 07.12.2017.

PS 124/17 Selskapskontroll av Grieghallen IKS - Forslag til prosjektplan

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet bestiller selskapskontroll av Grieghallen IKS frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.
2. Ev. ny korrigert prosjektplan vert å sende sekretariatet innan 07.12.2017.
3. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan.
4. Det vert også akseptert opsjon på ev. presentasjon av rapporten i Hordaland fylkesting fakturert etter timeforbruk, inntil 6 timer.

5. Det er ønskeleg at Deloitte, i samband med at revisjonsrapporten vert send på høyring til fylkesrådmannen og selskapet, ber om at dei også tar stilling til korleis forslag til tiltak som ligg i rapporten bør prioriterast.
6. Kontrollutvalet ønsker at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan utgangen av mai 2018, ferdig verifisert og med fylkesrådmannen og selskapet sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 29.11.2017

Handsaming i møte

Line Johansen frå Deloitte presenterte den foreslalte prosjektplanen for selskapskontroll av Grieghallen IKS og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Kontrollutvalet vart samde om innhaldet i prosjektplanen. Det betyr at punkt 2 i forslag til vedtak går ut.

Forslag til vedtak, men unntak av punkt 2, vart samrøystes vedteke

Vedtak

1. Kontrollutvalet bestiller selskapskontroll av Grieghallen IKS frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.
2. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan.
3. Det vert også akseptert opsjon på ev. presentasjon av rapporten i Hordaland fylkesting fakturert etter timeforbruk, inntil 6 timer.
4. Det er ønskeleg at Deloitte, i samband med at revisjonsrapporten vert send på høyring til fylkesrådmannen og selskapet, ber om at dei også tar stilling til korleis forslag til tiltak som ligg i rapporten bør prioriterast.
5. Kontrollutvalet ønsker at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan utgangen av mai 2018, ferdig verifisert og med fylkesrådmannen og selskapet sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.

PS 125/17 Forvaltningsrevisjon innan planlegging av investeringsprosjekt - Status i arbeidet ved Deloitte

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 29.11.2017

Handsaming i møte

Forvaltningsrevisor Line Johansen frå Deloitte orienterte om status i arbeidet med forvaltningsrevisjon innan planlegging av investeringsprosjekt og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

PS 126/17 Oppfølging - Forvaltningsrevisjon innan innkjøp i vidaregåande skular i Hordaland - Del 1

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet seier seg nøgd med det som kjem fram i tilbakemeldinga frå fylkesrådmannen når det gjeld forvaltningsrevisjon innan innkjøp i vidaregåande skular i Hordaland – Del 1. Vidare oppfølging av forbetningsarbeidet vert å komme tilbake til i samband med forvaltningsrevisjon innan innkjøp og forretningsdrift i vidaregåande skular – Del 2, når den i si tid er ferdig handsama i fylkestinget.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 29.11.2017

Handsaming i møte

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet seier seg nøgd med det som kjem fram i tilbakemeldinga frå fylkesrådmannen når det gjeld forvaltningsrevisjon innan innkjøp i vidaregåande skular i Hordaland – Del 1. Vidare oppfølging av forbetningsarbeidet vert å komme tilbake til i samband med forvaltningsrevisjon innan innkjøp og forretningsdrift i vidaregåande skular – Del 2, når den i si tid er ferdig handsama i fylkestinget.

PS 127/17 Forvaltningsrevisjon innan "Innkjøp og forretningsdrift i vidaregåande skular - Del 2" - Status i arbeidet ved Deloitte

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 29.11.2017

Handsaming i møte

Forvaltningsrevisor Line Johansen frå Deloitte orienterte om status i arbeidet med forvaltningsrevisjon innan innkjøp og forretningsdrift i vidaregåande skular og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Revisjonsrapporten rekk ikkje møtet i kontrollutvalet i desember 2017. Revisjonsrapporten vert å levere til sekretariatet innan 05.01.2018.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Forvaltningsrevisjonsrapport innan innkjøp og forretningsdrift i vidaregåande skular vert å levere sekretariatet innan 05.01.2018.
2. Kontrollutvalet tar elles informasjonen til orientering.

PS 128/17 Forvaltningsrevisjon innan "Arkivering og journalføring" - Status i arbeidet ved Deloitte

Forslag til vedtak

Informasjonen vert teken til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 29.11.2017

Handsaming i møte

Forvaltningsrevisor Line Johansen frå Deloitte orienterte om status i arbeidet med forvaltningsrevisjon innan arkivering og journalføring og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Det kom m.a. fram at svarprosent på spørjeundersøking blant dei tilsette no er kome opp i ca. 56 %. Her er det sendt ut påminning m.a. på intranettet. Når det gjeld spørjeundersøking blant fylkestingspolitikarane er svarprosenten ca. 47%. Kontrollutvalet ønskjer at det vert send ei påminning om at alle bør svare innan 12.12.2017, med ei eventuell påminning under tingsetet. Utvalet oppmoder fylkesordførarar, saman med kontrollutvalsleiar, om å bidra til å sende ei slik påminning. Sekretariatet, saman med Deloitte, lagar eit forslag til tekst som vert lagt fram for fylkesordførarar og kontrollutvalsleiarar.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet oppmøder fylkesordførar, saman med kontrollutvalsleiar, om å bidra til å sende ei påminning om at fylkestingsrepresentantane må svare på spørjeundersøkinga i høve forvaltningsrevisjon innan arkivering og jurnalføring.
2. Sekretariatet, saman med Deloitte, lagar eit forslag til tekst som vert lagt fram for fylkesordførar og kontrollutvalsleiar.
3. Informasjonen vert elles teken til orientering

PS 129/17 Forvaltningsrevisjon av fråfall i vidaregåande opplæring - Status i arbeid ved Deloitte**Forslag til vedtak**

Informasjonen vert teken til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 29.11.2017**Handsaming i møte**

Forvaltningsrevisor Line Johansen frå Deloitte orienterte om status i arbeidet med forvaltningsrevisjon fråfall i vidaregåande skular og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Informasjonen vert teken til orientering.

PS 130/17 Oppfølging - Forvaltningsrevisjon regionale utviklingsmidlar**Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet seier seg nøgd med det som kjem fram i tilbakemeldinga frå fylkesrådmannen når det gjeld oppfølging av forvaltningsrevisjon – regionale utviklingsmidlar og seier seg ferdig med saka.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 29.11.2017**Handsaming i møte**

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet seier seg nøgd med det som kjem fram i tilbakemeldinga frå fylkesrådmannen når det gjeld oppfølging av forvaltningsrevisjon – regionale utviklingsmidlar og seier seg ferdig med saka.

PS 131/17 Oppfølging - Forvaltningsrevisjon HMT og internkontroll**Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet seier seg nøgd med tilbakemeldinga i høve forvaltningsrevisjon av HMT og internkontroll, seier seg ferdig med saka og ønsker lykke til med det vidare forbettingsarbeidet.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 29.11.2017**Handsaming i møte**

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet seier seg nøgd med tilbakemeldinga i høve forvaltningsrevisjon av HMT og internkontroll, seier seg ferdig med saka og ønsker lykke til med det vidare forbettingsarbeidet.

PS 132/17 Oppfølging - Forvaltningsrevisjon av rusførebyggande arbeid

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune meiner det ikkje er tilfredstilende at forbettingsarbeidet etter forvaltningsrevisjon av rusførebyggande arbeid ikkje er ferdig nesten 2 år etter at vedtaket i fylkestinget vart gjort.
2. På bakgrunn at det som går fram over vert det tilrådd at kontrollutvalet ber om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding på punkta 2, 3, 5 og 8 innan 15.01.2018.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 29.11.2017

Handsaming i møte

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune meiner det ikkje er tilfredstilende at forbettingsarbeidet etter forvaltningsrevisjon av rusførebyggande arbeid ikkje er ferdig nesten 2 år etter at vedtaket i fylkestinget vart gjort.
2. På bakgrunn at det som går fram over vert det tilrådd at kontrollutvalet ber om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding på punkta 2, 3, 5 og 8 innan 15.01.2018.

PS 133/17 Rekneskapsresultat hittil i 2017 for kontrollutvalet

Forslag til vedtak

Rekneskapsresultatet hittil i 2017 for kontrollutvalet, ekstern revisor og sekretariat for kontrollutvalet vert teke til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 29.11.2017

Handsaming i møte

Kontrollsjef Hogne Haktorson presenterte rekneskapsrapportane og svarte på spørsmål fra kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Rekneskapsresultatet hittil i 2017 for kontrollutvalet, ekstern revisor og sekretariat for kontrollutvalet vert teke til orientering.

PS 134/17 Gjennomgang av møteprotokoller

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 29.11.2017

Handsaming i møte

Følgjande møteprotokollar vart gjennomgått i dette møtet:

- | | |
|--|----------------------|
| • Fylkestinget | 27.10.2017 |
| • Fylkesutvalet | 26.10.2017 |
| • Utval for kultur, idrett og regional utvikling | 25.10. og 15.11.2017 |
| • Utval for opplæring og helse | 07.11.2017 |
| • Utval for miljø og samferdsel | 08.11.2017 |

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

PS 135/17 Referatsaker

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 29.11.2017

Handsaming i møte

RS 67/17 Notat om forvaltningsrevisjoner i NDLA

RS 68/17 Sak om NDLA 2 i kontrollutvalet i Telemark 13.11.17

RS 69/17 Sak om NDLA 2 i kontrollutvalet i Aust-Agder 15.11.17

RS 70/17 Kopi av Telemark kontrollutvals bekymringsmelding vedr. NDLA

Deloitte vil lage eit notat til kontrollutvalet med eit tilsvarende tilsvarende til RS 70/17 «Telemark kontrollutvals bekymringsmelding vedr. NDLA» innan 15.01.2018. Dette notatet vil, saman med vedtak frå alle dei andre 17 eigar fylkeskommunane sine vedtak, verta lagt fram som sak i møte i kontrollutvalet 05.02.2018. I tillegg bør sekretariatet ta kontakt med økokrim for å få greie på om dei vil opne sak eller ikkje, samt korleis økokrim generelt handterer bekymringsmeldingar ift. anmeldelse.

Vedtak

1. Deloitte vil lage eit notat til kontrollutvalet med eit tilsvarende tilsvarende til RS 70/17 «Telemark kontrollutvals bekymringsmelding vedr. NDLA» innan 15.01.2018.
2. Sekretariatet vert beden om å førebu ei sak til møte i kontrollutvalet 05.02.2018 i høve notatet frå Deloitte. Saka skal også innehalde resultat av vedtak i fylkestinga i dei andre 17 fylkeskommunane som har eigardel i NDLA.
3. Sekretariatet vert også beden om å ta kontakt med økokrim for å få greie på om dei vil opne sak eller ikkje, samt korleis økokrim generelt handterer bekymringsmeldingar ift. anmeldelse.

Dei andre referatsaken vart tekne til orientering.

PS 136/17 Eventuelt

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 29.11.2017

Handsaming i møte

Invitasjon til deltaking på Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) sin kontrollutvalskonferanse 07.-08.02.2018 vart send ut til kontrollutvalet 27.11.2017. Det vert opna for at dei som kan tenke seg å delta på denne konferansen kan få høve til og må i tilfelle ta dette opp med sekretariatet.

Kristian Helland (KrF) tok opp spørsmålet om Hordaland fylkeskommune sin garanti til sykkel VM i høve at beløpet vert halde tilbake i påvente av tilbakeføring av standard på vegen. Kontrollutvalet ber om å få tilsend kopi av dei skriftelge dokumenta som ligg til grunn for garantien som er gjeven. Dette vert lagt fram for kontrollutvalet i neste møte som referatsak.

Terje Kollbotn (R) tok opp spørsmålet om Hordaland fylkeskommune sine rutinar for beredskap på vegsektoren, i samband med ras og liknande, er tilstrekkelige. Han kom med slikt forslag til vedtak:

«Kontrollutvalet vil sjå nærrare på kva ansvar fylkeskommunen har når det gjeld beredskapen i Hordaland ved ras, flom og andre hendingar som medfører stengde vegar, og korleis både kollektivtrafikken og annan trafikk raskt kan omorganiserast ved uønskte hendingar.»

Kontrollutvalet gjekk inn for dette og ber om at sekretariatet førebur ei sak til neste møte i høve ein forvaltningsrevisjon på dette området.

Leiar i kontrollutvalet Inge Reidar Kallevåg (H) la fram eit forslag til sak om val av sekretariatsordning for den nye fylkeskommunen som han hadde motteke frå leiar i kontrollutvalet i Sogn og fjordane fylkeskommune, jf. referat frå felles møte mellom kontrollutvala 21.11.2017. Kontrollutvalet registrerer at det i dette forslaget er komme inn nye moment som ikkje vart diskutert i felles møtet 21.11.2017. Leiar i kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune drøftar dette med leiar i kontrollutvalet i Sogn og fjordane fylkeskommune.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Dei som kan tenke seg å delta på Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) sin kontrollutvalskonferanse 07.- 08.02.2018 kan få høve til det og vert i tilfelle beden om ta dette opp med sekretariatet.
2. Kontrollutvalet ber om å få tilsendt kopi av dei skriftelge dokumenta som ligg til grunn for garantien som er gjeven til sykkel VM 2017. Dette skal leggast fram for kontrollutvalet i neste møte som referatsak.
3. Kontrollutvalet ber om at sekretariatet førebur ei sak til neste møte i høve ein eventuell forvaltningsrevisjon innan beredskap på vegsektoren i tråd med forslaget frå Terje Kollbotn.